

Emne nr. 62

### **KJONA, KYLNA**

1. Var det vanleg i Dykkar bygd at dei hadde eit serskilt turkehus som dei kalla kjone eller kylne? Korleis vart dette ordet uttala?

I sume bygder på Vestlandet og Trøndelag hadde dei ei turkegreie som dei kalla kylne; den var sett inn i eit hus som og vart nytta til andre ting, t.d. eldhus eller smie. Denne kylna vil det verta sendt ut ei spørjeliste om seinare.

2. Er det i bygda gardsnamn, bruksnamn eller andre stadnamn som er samansett med ordet kjone eller kylne, t.d. Kjonevollen, Kjoneplassen og lignende?
3. Er det gardar i bygda som ennå har kjone ståande, og kva for gardar er det i tilfelle? Dersom ikkje, når vart då den siste kjona riven, og kvar stod den? Er det tradisjon om når den siste kjona i bygda vart sett opp?
4. Skulle det etter gamalt vera ei kjone på kvar garden, eller fanst den berre på nokre gardar? Dersom det siste er tilfelle, var det då slik at den fanst berre på større gardar, men ikkje på mindre; eller var det så at gardar med gamal hussetnad hadde kjone medan dei som i så måte var yngre, ikkje hadde det?
5. Var kjona sams for heile den mangbølte garden, eller hadde kvart bruk si kjone? Var det vanleg at dei som flytte ut frå det mangbølte tunet etter dei eldste utskiftningane (1850-70 åra), bygde seg kjone på den nye staden?
6. Dersom fleire hadde kjone saman, var det då faste reglar for bruken, eller retta dei seg etter kvarandre som best dei kunne?
7. Korleis greidde dei seg, dei som ikkje hadde kjone? Kunne dei leiga kjone, og kva betalte dei i tilfelle for leiga? Heldt dei veden sjølve?
8. Har det vore vanleg å turka korn i kjona?
9. Har dei turka andre ting der, t.d. malt, lin, ull, materialer?
10. Dersom dei turka kornet i eit anna hus, kva vart då kjona nytta til?
11. Kor stor var kjona til vanleg (lengd, breidd, høgd)?

12. Korleis var ho bygd (reisverk, tømmer eller stein)?
13. Korleis var kjona tekt?
14. Kva slag golv var det i kjona (bord-, jord-, eller steingolv)?
15. Var kjona bygd i to høgder? Dette tykkjest ha vore det vanlege, og spørjelista byggjer på at så var tilfelle og at eldstaden var i nedste romet.
16. Var det vanleg at det øvste romet i kjona hadde større golvflate enn det nedste. Då kunne det vera slik at øvste romet var breiare enn det nedste, men ikkje lenger. Det kunne og vera både breiare og lengre, og så anten slik at begge gavleveggene var ”brotne” eller slik at berre den eine (den fremre) var det. Vi vil gjerne vita korleis det var med dette i Dykkar bygd?
17. Dersom øvste romet var større enn det nedste, vart då veggene fra nedste romet tømra i rett line opp i det øvste romet slik at det der vart som ei kasse med ein gang ikring? Hadde ein namn på denne gangen, t.d. sval?
18. I kjona var det eit grise golv som på ein måte var skilje mellom det nedste og det øvste romet. Det som skulle turkast, anten det var korn, malt eller lin, vart lagt på dette golvet og så gjekk den varme lufta opp og gjennom den massen som skulle turkast. – Dersom dette ikkje er i samsvar med skikken i Dykkar bygd, er vi takksame for ein protest. –
19. Kva kalla dei dette ”golvet” (eit spile, spyle, kjonespile)?
20. Korleis var det laga? Som nemnt var det ofte laga av lause lekter eller smale bord som ikkje låg tett inn til kvarandre, men det kunne og vera laga av breie bord som låg tett saman, og som det var bora hol i. Vi vil gjerne vita om det øvste golvet var laga på ein av desse måtane i Dykkar bygd, eller på ein annan måte.
21. Korleis var lektene eller fjølene fest til veggen (låg på ei list)?
22. Gjekk lektene eller fjølene tvers over romet, eller var dei delt på midten og lagt mot ein bjelke som gjekk midt etter romet? Korleis var tverrskurden (-snittet) av denne bjelken, trekanta eller som ein omvend T? Låg bjelken i tilfelle så høgt at det vart ein rygg midt etter golvet (spilet)?
23. Låg det to hjellar under dette golvet slik at det berre vart ein smal opning mellom hjellane der den varme lufta gjekk opp og i gjennom.

24. Kva kalla dei desse hjellane (karm)?
25. Korleis var dei laga, korleis var dei fest til veggen og kva kvilde dei på?
26. Hadde dei ei fjøl sett på kant mot opningen så det såg ut som ein karm?
27. Kva brukte dei desse hjellane til, t.d. at kornet vart lagt der til turking eller at det turka kornet vart slept ned på dei frå spilet og derfra ført gjennom ein strut i veggen?
28. Er det kjent at det ikkje var spile i kjona men eit vanleg golv mellom øvste og nedste romet? Korleis gjekk turkinga for seg?
29. Kvar var døra inn til fyr-romet?
30. Kvar var døra inn til øvste romet?
31. Korleis kom dei opp til øvste romet, nytta dei ei trapp (utvendig eller innvendig?) eller hadde dei lagt kjona i ein bakke slik at dei kunne gå rett inn?
32. Kva slag eldstad hadde dei i kjona, open eldstad (åre) eller omn?
33. Dersom dei nytta åre, kvar stod den då, kor stor var den (lengd, breidd) og korleis var den laga?
34. Dersom dei nytta omn, var det då ein røykomn eller var det omn av eit anna slag? Er det kjent at dei har hatt elektrisk omn i kjona?
35. Hadde denne omnen eit sers namn?
36. Kvar stod i tilfelle røykomnen, midt på golvet, ved ein av veggene eller i eit hyrna?
37. Kva form hadde røykomnen i kjona?
38. Kor stor var den utvendig (lengd, breidd, høgd)?
39. Kor stort var eldsromet? Var ilegget like stort som romet eller mindre?
40. Kva slag stein var omnen bygd av?
41. Hadde dei mura heile omnen fint opp, eller hadde dei berre mura opp eldsromet og så fylt stein på slik at omnen utantil såg ut som ein steinhaul?
42. Korleis var eldsromet laga (botnen, sidene og taket)? Var t.d. taket ei flat helle, eller var det to steinar sett mot kvarandre så det såg ut som eit møne?
43. Var veggene i omnen eller eldsromet heilt tette, eller kunne røyken siga ut gjennom veggene?

44. Dersom veggene var tetta med kalk eller leire, kom då røyken ut berre gjennom ilegget, eller var det røykopning i omnsveggen? Kvar var i tilfelle den? Var det røykkanal fram til den?
45. Gjekk røyken rett ut i romet, eller gjekk den ut i ei pipe?
46. Kvar la dei kornet i ei kjone der det var spile eller kylnefjølør?
47. Dersom dei la det på spilet eller kylnefjølørne, hadde dei då eit teppe under kornet? Nytta dei eit slikt teppe når dei hadde karmen under spilet eller kylnefjølørne?
48. Kva kalla dei i tilfelle dette teppet (ei håre, hære, kjonehåre, kjonehære, tornklede)? Kva var denne laga av, korleis var ho laga og kor stor var ho?
49. Kvar la dei kornet i ei kjone der det var fast golv mellom nedste og øvste romet? Vi veit at i allfall i nokre av desse kjonene la dei kornet i ein kasse som stod slik at det var ein gang rundt den på minst tre sider. I botnen av kassen kunne det vera ei steinhelle. Vi vil gjerne få vita kva skipnad De kjenner til?
50. Kor mykje korn kunne dei turka til vanleg i ei vende? Kva kalla dei den kornmengda som dei turka i ein gong (ei turka)?
51. Kunne dei turka fleire gonger (fleire turker) med same eldinga, fyrte dei opp kvar gong dei la inn nytt, rått korn eller måtte dei fyra opp fleire gonger før kornet vart turt? Gjorde dei noko for å få røyken ut, og kva gjorde dei i tilfelle?
52. Kor tjukt var det laget med korn som dei la ut til turking? La dei tjukt eller tunt etter som dei ville ha kornet snøgt ferdig eller ikkje? Var det skilnad på korleis dei la dei ymse kornslaga?
53. Var dei inne og rørde i kornet av og til medan det turka? Kva gjorde dei dette med?
54. Korleis gjorde dei når dei skulle ta kornet ut av kjona etter det var turka?
55. Kva slag ved bruka dei i kjona, og kva kalla dei den?

-----